

Postmottaket

Fra: Jan Sandbakken [jan.sandbakken@nord-fron.kommune.no]
Sendt: 16. desember 2003 15:21
Til: Postmottaket
Emne: Høringsuttale til Forskrift om tilskott til nærings- og miljøtiltak i skogbruket



Uttale om forskrift
til næring...


Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Vedlagt følger høringsuttale fra Regionrådet for Midt-Gudbrandsdalen til
nevnte høringssak.

<<Uttale om forskrift til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.doc>>

Med hilsen

Jan Sandbakken
Næringssjef
61 21 61 70 (a)
90 94 50 01 (m)
jan.sandbakken@nord-fron.kommune.no





Regionrådet for Midt-Gudbrandsdalen

Vinstra Skysstasjon
2640 Vinstra
Tlf: 61 29 47 70
postmaster@peergynt.no

Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep.

0030 Oslo

Dato: 08.12.2003

FRAMLEGG TIL FORSKRIFT OM TILSKOTT TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET - HØYRINGSUTTALE FRÅ REGIONRÅDET FOR MIDT-GUDBRANDSDALEN

Regionrådet for Midt-Gudbrandsdalen drøfta denne saka, og vil gje følgjande uttale:

Landbruksdepartementet har sendt framlegg til forskrift om tilskott til nærings- og miljøtiltak i skogbruket ut på høyring. Her blir det mellom anna gjort framlegg om at det ikkje skal vera høve til å gi tilskott til taubanedrift.

I Midt-Gudbrandsdalen vil eit bortfall av slike tilskott få store og uheldige konsekvensar. Det står svært mykje hogstmoden skog i terreng der bruk av taubane er heilt nødvendig for å få fram tømmeret. Med dei prisane som i dag er på tømmer, vil det utan eit slikt tilskott ikkje vera økonomisk grunnlag for å drive fram tømmeret.

Taubanedrift er ei miljøvennleg driftsform, mellom anna fordi ein slepp å grave mange små driftsveggar i terreng som er bratte og sårbare for inngrep.

Dei siste åra har det i Midt-Gudbrandsdalen vore gjennomført bygging og opprusting av fleire veganlegg i skogbruket. Til desse vegane ligg det store kvanta med tømmer. I tillegg til eigenfinansiering frå skogeigarane si side er det gitt statstilskott til anleggskostnadene. Samla er det for regionen derfor investert store summer til slik tilrettelegging, både totalt sett og i form av statstilskott.

Ved bortfall av tilskott til taubanedrift vil mykje av dei investeringane som her er gjort, vera fånyttas.

I framlegget til statsbudsjett for 2004 ligg det framlegg om at kommunane skal ta over ansvaret for tildeling av midlar til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Departementet grunngrir dette med at det er viktig å leggje til rette for utvikling av ein lokalt tilpassa politikk for næringsutvikling gjennom auka desentralisering og demokratisering av landbrukspolitisk

ansvar og styresmakt. I lys av dette ser regionrådet for Midt-Gudbrandsdalen det som særleg viktig at kommunane da også må få høve til å utforme verkemiddel som gjer det mogeleg å utnytte dei store skogressursane regionen har.

Regionrådet ber derfor om at Landbruksdepartementet tar ut den delen av framlegget som omhandlar bortfall av tilskott til taubanedrift. Tilskott til taubanedrift vil derimot bidra til auka utnytting og verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdiane blir teke i vare.

For Regionrådet i Midt-Gudbrandsdalen

Jan Sandbakken, e.f.